



### Utskrift av møteprotokoll.

Møtedato: 17.09.2019  
Sakshandsamar: Svein Medås, leiar  
Vedtaksmynde: Voss heradsstyre  
Dokumentliste:  
Aktuelle lover, forskrifter: Lov om offentlege anskaffingar av 2016.06.17. (LOA)  
Forskrift om offentlege anskaffingar av 2016.08.12., del 1 (FOA)

#### **Sak 10/19. Innstilling til val av sekretariat for kontrollutvalet i Voss herad.**

##### FRAMLEGG TIL INNSTILLING FRÅ NEMND:

Voss herad tilset Nordhordland Utviklingsselskap IKS, som sekretariat for kontrollutvalet for Voss herad frå 01.01.2020.

##### FAKTA:

Saka var føre på møte i nemnda 14.08.2019, og møteprotokollen er vedlagt.

Nemnda vil innstilla på at Nordhordland Utviklingsselskap IKS, vert tilsett som sekretariat for kontrollutvalet for Voss herad frå 01.01.2020. Innstillinga var samrøystes.

##### HANDSAMING I MØTE:

Det var før møtet vart sett, halde eit fellesmøte med kontrollutvalet i Voss kommune, der leiar Torunn L. Ringheim, orientert om at det var Voss heradsstyre som konstituerer seg den 17.10.2019, som skal tilsetje sekretariat for kontrollutvalet i Voss herad. Fellesnemnda skal ha sit siste møte 19.09.2019. Dette var opplysningar som leiar fekk rett før møte vart sett.


Leiar orienterte om prosessen med å lysa ut på anbod sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet i Voss herad. Og svara på spørsmål.

##### SAMRØYSTES INNSTILLING TIL VOSS HERADSSTYRE:

Voss herad tilset Nordhordland Utviklingsselskap IKS, som sekretariat for kontrollutvalet for Voss herad frå 01.01.2020.

Rett utskrift

Folkedal, 18.09.2019

  
Gunnar Ingvaldson Folkedal  
utvalssekretær